



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 23.05.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 15:50

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Olav Stamnes Bjørnberg	AP	Varamedlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Frode O. Kallestad Dyvik	KRF	Varamedlem
Silje Stien	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Bjørn Roald	H	Silje Stien, H
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Olav Stamnes Bjørnberg, AP
Hege Eide Vik	SP	Ivar Rødland Bergo, SP
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Frode O. Kallestad Dyvik, KRF



Andre møtande:

Fung. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Truls Morten Kaland
Kommunalsjef Solrun Hauglum
Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef Willy Andre Gjesdal
Leiar for Kundetorget Mona Mekki
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR TITTEL

26/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Boris Groth hadde merknader til at sak om kommunereforma var sendt ut for seint, og hadde følgjande protokollmerknad:
Kommunestyret vil understreka at nødvendige sakspapir må utsendast i god tid, og seinast ei veke før møta i kommunestyret.

Innkallinga vart elles samrøystes godkjent.

KOM - sak 26/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

27/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:



Samrøystes vedtak.

KOM - sak 27/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

28/2016: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 28/2016 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

29/2016: MARKERING AV VIKTIGE PERSONAR I VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heidersnemnda gjer framlegg om at desse personane vert heidra:

1. Andres Lavik (politikk)
1. Andreas Lavik (politikk/religion)
1. Johannes Lavik (avismann)
2. Hans A. Brørvik (Brørvikaskuta)
3. Johannes Myster (møbelindustri)
4. Bjørn Wiik (forsker)
5. Arne Davidson Hatlestad (musikar/songar)
6. Andreas Arne (avismann)
7. Berta Elisabeth Hauge (jordmor)
8. Hjalmar Dale (pelsjegar)
9. Harald Langhelle (redaktør/motstandsmann)
10. Arvid Vaksdal (musikar)
11. Peder L. Furubotn (politikar/motstandsmann)
12. Gunvor Bjørsvik (misjonsarbeid)



12. Lars Bjørsvik (misjonsarbeid)

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Endringsframlegg frå ordføraren:

Formannskapet vel ei nemnd på 3 personar som skal prioritere 3 - 5 personar frå framlegget til heidersnemnda.

Samrøystes vedteke.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet valde desse personane:

Sigmund Simmenes

Anne Christin Eide

Kjartan Haugsnes

Samrøystes vedteke.

Oversendingsforslag frå Kjartan Haugsnes (SV):

Formannskapet set ned ei ny nemd i 2018 som får i oppgåve å sjå på kvinner som har utmerka seg i arbeid og organisasjonsliv i Vaksdal kommune.

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 39/2016 Tilråding:

Formannskapet vel ei nemnd på 3 personar som skal prioritere 3 - 5 personar frå framlegget til heidersnemnda.

Desse vart valde:

Sigmund Simmenes

Anne Christin Eide

Kjartan Haugsnes

Formannskapet set ned ei ny nemd i 2018 som får i oppgåve å sjå på kvinner som har utmerka seg i arbeid og organisasjonsliv i Vaksdal kommune.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 29/2016 Vedtak:

Formannskapet vel ei nemnd på 3 personar som skal prioritere 3 - 5 personar frå framlegget til heidersnemnda

Desse vart valde:

Sigmund Simmenes

Anne Christin Eide



Kjartan Haugsnes

Formannskapet set ned ei ny nemd i 2018 som får i oppgåve å sjå på kvinner som har utmerka seg i arbeid og organisasjonsliv i Vaksdal kommune.

31/2016: VURDERING AV UTBYGGINGSMODELL FOR TO OMRÅDER PÅ STANGHELLE, "DØSO".

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre vedtek å gje rådmannen fullmakt til å lysa bustadområda gnr. 20, bnr. 499, og 516 på «Døso», Stanghelle ut for sal på den opne marknaden. Endeleg godkjenninga av ein avtale med utbyggjar vert å handsama i Formannskap, plan- og økonomiutvalet.

Rådmannen får og fullmakt til å føreta samtalar / forhandlingar med eigar av tilgrensande eigedomar som ikkje er i kommunen si eige.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 43/2016 Tilråding:

Kommunestyre vedtek å gje rådmannen fullmakt til å lysa bustadområda gnr. 20, bnr. 499, og 516 på «Døso», Stanghelle ut for sal på den opne marknaden. Endeleg godkjenninga av ein avtale med utbyggjar vert å handsama i Formannskap, plan- og økonomiutvalet.

Rådmannen får og fullmakt til å føreta samtalar / forhandlingar med eigar av tilgrensande eigedomar som ikkje er i kommunen si eige.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 31/2016 Vedtak:

Kommunestyre vedtek å gje rådmannen fullmakt til å lysa bustadområda gnr. 20, bnr. 499, og 516 på «Døso», Stanghelle ut for sal på den opne marknaden. Endeleg godkjenninga av ein avtale med utbyggjar vert å handsama i Formannskap, plan- og økonomiutvalet.

Rådmannen får og fullmakt til å føreta samtalar / forhandlingar med eigar av tilgrensande eigedomar som ikkje er i kommunen si eige.



30/2016: KOMMUNDELPLAN FOR FJELLHEIMEN VILLREINOMRÅDE - SLUTTHANDSAMING OG VEDTAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane:

1. I kap. 9, skal det leggst til eit nytt 2 avnitt ; «*Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggst til grunn for vedtaket.*
2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.*** *Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningssesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.*
3. I kap. 9 under Fritidshus, andre avsnitt skal det stå ; « Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding påinntil 20m²BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100 m²BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad».
4. Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 skal ha eit slikt tillegg som innleiing under Stølsområde og Fritidshus, «*Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet*».
5. Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle skal justerast slik at siste setning lyder; «*Hjelpkorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren*».
6. I kap. 4, under arealformål skal arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplistast som «*bebyggelse og anlegg, idrettsformål*».
7. *På temakartet skal det tydeleg framgå at kun trekkvegar over R13 er vist på kartet.*
8. I handlingsplanen skal «*kartlegging av trekkruiter*» inkluderast i tiltaket «*Areal og beitekartlegging*».
9. Villreikutvalet skal høyrast i alle dispensasjonsaker tilliks med villreinnemnda. Dette skal framgå av kap. 10 «*Retningsliner for sakshandsaming*».
10. I kap. 10, under «*Retningsliner for sakshandsaming*», skal andre avsnitt ha slikt innleiing; «*I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samrådmellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde*».
11. *Kap. 9.1. under Brøyting, 3 avsnitt skal det stå: «Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøytast opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøytast opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1. juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i*



området bør samordnast ved leigekøyring».

12. *Kommuneplanen skal ha ei funksjonstid på 12 år; 2016 –2027.*

13. *I handlingsproframmer (kap. 12) i første tiltak under «Informasjon», skal det stå 2016-2017. Tilsvarande skal det stå 2017 under tiltak 3 under informasjon. Det skal vidare inn eit nytt slikt tiltak under «Ferdslø»; Årleg vurdering av trong for ekstraordinære bandtvang. Ansvarleg; Kommunene. Start; 2017. Andre aktørar; SNO.*

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

På grunn av at rådmannen sitt framlegg til vedtak ved ein feil ikkje var kome med i sakspapira, føreslo ordføraren å utsetja saka.

Samrøystes vedteke.

FPØ - sak 41/2016 Vedtak:

Saka vert utsett.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Kommunestyret vedtok samrøystes at saka kunne behandlast i møtet.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 30/2016 Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 9-1 vert framlegg til interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde med plankart og temakart, datert 07.09.2015, vedteken med desse endringane:

1. I kap. 9, skal det leggest til eit nytt 2 avnitt ; «*Alle nye tiltak i planområdet skal vurderast med tanke på kva konsekvensar tiltaket vil kunne medføre for villreinstamma. Ved søknader om tiltak, der det er tvil om verknadane for villreinen, skal «føre- var prinsippet» leggest til grunn for vedtaket.*
2. Kap. 7 skal få eit nytt siste avsnitt; ***Klimaendringar og moglege følgjer for villreinbestanden.*** *Klimaet i Noreg vil truleg bli mildare, fuktigare og meir ustabil. Dette kan slå negativt ut for reinen om vinteren. Tilgangen til vinterbeite er minimumsfaktoren for villreinstamma i Fjellheimen og eit mektigare snødekke og fleire periodar med harde islag over beita kan slå negativt ut på stamma. Om sommaren kan derimot ein lengre avsmeltningsesong føra til at reinen har betre tilgang til nyspira og proteinrike grøntbeite.*
3. I kap. 9 under Fritidshus, andre avsnitt skal det stå ; « Etter ei nærare vurdering kan det gjevast dispensasjon til utviding påinntil 20m²BRA på eksisterande hytter, når arealet etter utviding ikkje overstig 100 m²BRA, inkludert evt uthus. Det bør ikkje opnast for meir enn ei utviding pr. fritidsbustad».
4. Retningslinene til omsynsona i kap. 9.1 skal ha eit slikt tillegg som innleiing under Stølsområde og Fritidshus, «*Av omsyn til villreinstamma bør det ikkje tillatast ny utbygging i villreinområdet*».



5. Retningslina i kap. 9.1 om motorferdsle skal justerast slik at siste setning lyder; «Hjelpekorpsa sin øvingsaktivitet skal vera del av ein øvingsplan godkjend av politimesteren».
6. I kap. 4, under arealformål skal arealet som er avsett til idrettsformål i Voss kommune sin kommuneplan opplistast som «bebyggelse og anlegg, idrettsformål».
7. På temakartet skal det tydleg framgå at kun trekkvegar over R13 er vist på kartet.
8. I handlingsplanen skal « kartlegging av trekkruiter « inkluderast i tiltaket «Areal og beitekartlegging».
9. Villreinutvalet skal høyrast i alle dispensasjonsaker tilliks med villreinnemnda. Dette skal framgå av kap. 10 « Retningsliner for sakshandsaming».
10. I kap. 10, under « Retningsliner for sakshandsaming», skal andre avsnitt ha slik innleiing; « I oppfølginga av planen har kommunane ansvaret for å sikra medverknad og samrådmellom brukarinteresser i kommunale plan- og forvaltingspørsmål som gjeld Fjellheimen villreinområde».
11. Kap. 9.1. under Brøyting, 3 avsnitt skal det stå: «Når RV13 vert lagt i tunnel gjennom Vikafjellet bør den gamle vegen på strekningen Storehaugtunnelen til Finnbuene ikkje brøytast opp i tida 1.november til siste helga før påske (Palmehelga). Frå Palmehelga til 1. juni kan vegen brøytast opp til fylkesgrensa frå sør og til Fosse frå nord. Frå Fosse til fylkesgrensa bør vegen vera stengd fram til 1. juni. Evt. snøscootertransport til hyttene i området bør samordnast ved leigekøyring».
12. Kommuneplanen skal ha ei funksjonstid på 12 år; 2016 –2027.
13. I handlingsprofframmer (kap. 12) i første tiltak under «Informasjon», skal det stå 2016-2017. Tilsvarande skal det stå2017 under tiltak 3 under informasjon. Det skal vidare inn eit nytt slikt tiltak under «Ferdse»; Årleg vurdering av trong for ekstraordinære bandtvang. Ansvarleg; Kommunene. Start; 2017. Andre aktørar; SNO.

32/2016: FRAMTIDIG BRUK AV BERGSDALEN SKULE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i eit generelt stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg vert tilbodet frå Bergsdalen jordbrukslag ikkje godkjent.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre bruksendring til samfunnshus og ein ny runde med sal til lokale interesser i Bergsdalen med føremål som kjem bygdane til gode.

Dersom ein ikkje når fram med sal til lokale interesser vert eigedomen lagt ut for sal på den opne marknaden med omregulering til fritidsbustader og sal til høgstbydande. Salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslige krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Ordføraren ba om gruppemøte.



Vaksdal kommune

Etter gruppemøtet gjorde han greie for gruppa sitt syn og fremja slikt endringsframlegg:

Tilbudet frå Bergsdalen Jordbrukslag vert ikkje godkjent.

Med bakgrunn i eit generelt stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg er det eit mål å få ned den kommunale eigedomsmassen. Samstundes er det prisverdig at lokalsamfunnet vil yta for å ta vare på Bergsdalen skule. Rådmannen vert bedt om å gå ein siste runde med lokalsamfunnet med tanke på å framforhandla ein avtale om bruk som samfunnshus/sal/overtaking av Bergsdalen skule for å få ned dei kommunale driftsutgiftene, slik at bygninga kan koma lokalsamfunnet til gode.

Vaksdal kommune er i startfasen av rulleringa av kommuneplanen. I det høvet ynskjer kommunestyret å få gjennomført eit "mulighetsstudium" for å sjå på potensialet for Bergsdalen i eit næringsperspektiv og eit folkehelseperspektiv.

Eventuell alternativ bruk av skulebygget vert og vurdert.

Rådmannen kjem tilbake med ei sak om rammene for eit "mulighetsstudium".

Dersom ein ikkje når fram med ein avtale med lokale interesser vert eigedomen lagt ut for sal på den opne marknaden med omregulering til fritidsbustader og sal til høgstbydande. Salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergsdalen i tråd med ideane i "mulighetsstudiet".

Kommunestyret skal ha ein eventuell avtale til godkjenning.

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatle Lilletvedt (H):

Rådmann og ordførar vert bedt om å gå ein siste runde

Tilleggsframlegg frå Jan Erik Bernes Roe (KRF):

... næringsperspektiv, eit folkehelseperspektiv og eit samfunnsperspektiv ...

Endringsframlegg frå Kjartan Haugsnes (SV):

Heile nest siste avsnitt går ut

Røysting:

Framlegget frå ordføraren vart sett opp mot rådmannen sitt. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Anneli Vatle Lilletvedt vart samrøystes vedteke

Framlegget frå Jan Erik Bernes Roe vart samrøystes vedteke

Framlegget frå Kjartan Haugsnes fekk 2 røyster (SV og KRF) og fall

FPØ - sak 49/2016 Tilråding:

Tilbudet frå Bergsdalen Jordbrukslag vert ikkje godkjent. Med bakgrunn i eit generelt stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg er det eit mål å få ned den kommunale eigedomsmassen. Samstundes er det prisverdig at lokalsamfunnet vil yta for å ta vare på Bergsdalen skule. Rådmannen og ordførar vert bedt om å gå ein siste runde med lokalsamfunnet med tanke på å framforhandla ein avtale om bruk som samfunnshus/sal/overtaking av Bergsdalen skule for å få ned dei kommunale driftsutgiftene, slik at bygninga kan koma lokalsamfunnet til gode. Vaksdal kommune er i startfasen



av rulleringa av kommuneplanen.

I det høvet ynskjer kommunestyret å få gjennomført eit "mulighetsstudium" for å sjå på potensialet for Bergesdalen i eit næringsperspektiv, eit folkehelseperspektiv og eit samfunnsperspektiv. Eventuell alternativ bruk av skulebygget vert og vurdert.

Rådmannen kjem tilbake med ei sak om rammene for eit "mulighetsstudium".

Dersom ein ikkje når fram med ein avtale med lokale interesser vert eigedomen lagt ut for sal på den opne marknaden med omregulering til fritidsbustader og sal til høgstbydande. Salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergesdalen i tråd med ideane i "mulighetsstudiet".

Kommunestyret skal ha ein eventuell avtale til godkjenning.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Boris Groth ba om at hans habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret mot 1 røyst (Kjartan Haugsnes (SV)) at han er ugild i saka.

Tilrådinga samrøystes vedteken.

KOM - sak 32/2016 Vedtak:

Tilbudet frå Bergesdalen Jordbrukslag vert ikkje godkjent. Med bakgrunn i eit generelt stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg er det eit mål å få ned den kommunale eigedomsmassen. Samstundes er det prisverdig at lokalsamfunnet vil yta for å ta vare på Bergesdalen skule. Rådmannen og ordførar vert bedt om å gå ein siste runde med lokalsamfunnet med tanke på å framforhandla ein avtale om bruk som samfunnshus/sal/overtaking av Bergesdalen skule for å få ned dei kommunale driftsutgiftene, slik at bygninga kan koma lokalsamfunnet til gode.

Vaksdal kommune er i startfasen av rulleringa av kommuneplanen.

I det høvet ynskjer kommunestyret å få gjennomført eit "mulighetsstudium" for å sjå på potensialet for Bergesdalen i eit næringsperspektiv, eit folkehelseperspektiv og eit samfunnsperspektiv. Eventuell alternativ bruk av skulebygget vert og vurdert.

Rådmannen kjem tilbake med ei sak om rammene for eit "mulighetsstudium".

Dersom ein ikkje når fram med ein avtale med lokale interesser vert eigedomen lagt ut for sal på den opne marknaden med omregulering til fritidsbustader og sal til høgstbydande. Salsinntektene med frådrag for kostnader ved sal, regulerings- og bruksendring samt rettmessige privatrettslege krav vert sett av til eit fond til utvikling av Bergesdalen i tråd med ideane i "mulighetsstudiet". Kommunestyret skal ha ein eventuell avtale til godkjenning.



33/2016: KULTURPLAN 2016-2026 FOR VAKSDAL KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kulturplan 2016-2026 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 48/2016 Tilråding:

Kulturplan 2016-2026 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 33/2016 Vedtak:

Kulturplan 2016-2026 for Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre. Innspel frå høyringa er teke med i den endelege planen. Prioritering og finansiering av tiltak i planen må handsamast i samband med økonomiplan/årsbudsjett.

34/2016: REVISJONSTENESTER

Kontrollutvalet 27.04.2016

Behandling:

Saka blei oppretta i møtet.

Møtet blei lukka, ref. kommuneloven §31, pkt. 5.

Vaksdal kommune har avtale med Deloitte om levering av revisjonstenester. Avtalen varer 3 år frå 1.



juli 2013, med opsjon for oppdragsgjevar til å forlengje avtalen i 1 år på same vilkår.

Innløysing av opsjon på forlengjing av avtalen skal jf. avtalen varslas 2 månader før avtalen går ut.

I møtet behandla kontrollutvalet spørsmålet om kommunen skal innløyse opsjonen, og dette blei einstemmig vedteke.

KONT - sak 15/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester, med atterhald om godkjenning i kommunestyret.

Til kommunestyret i Vaksdal kommune, forslag til vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 34/2016 Vedtak:

Vaksdal kommune tiltrer opsjon på et fjerde avtaleår med Deloitte for levering av revisjonstenester.

**35/2016: SØKNAD OM SALSLØYVE FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK I GRUPPE 1 - EIDSLAND
HANDEL - FOR PERIODEN 29.04. – 30.06.2016**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 - høgst 4,7% alkohol - for Eidsland Handel AS vert innvilga. Løyvehavar er Eidsland Handel AS, org. nr. 916 583 680. Styrar for løyvet er Christoph Meyn. Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt løyve på fylgjande vilkår.

Sals og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 skal ikkje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgje gjeldande lovar, føresegner og retningslinjer for omsetnad av alkohol.



Vaksdal kommune

Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Verksemnda og einskildpersonar nevnt i dette vedtak skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Salsløyvet gjeld frå vedtak og til og med 30.06.2016.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 35/2016 Vedtak:

Søknad om salsløyve for alkohol i gruppe 1 - høgst 4,7% alkohol - for Eidsland Handel AS vert innvilga. Løyvehavar er Eidsland Handel AS, org. nr. 916 583 680. Styrar for løyvet er Christoph Meyn. Det vert gitt fritak for stedfortredar.

Det vert gitt løyve på fylgjande vilkår.

Sals og utleveringstidspunkt:

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-2000 på kvardagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 kan skje frå kl. 0800-1800 på dagar før sundagar og helgedagar.

Sal og utlevering av alkohol i gruppe 1 skal ikkje på sundagar og helgedagar og på stemmedag for stortingsval, fylkestingval, kommunestyreval og folkerøysting vedteken ved lov.

Salet skal fylgje gjeldande lovar, føresegner og retningslinjer for omsetnad av alkohol.

Salsløyvet kan inndragast ved brot på regelverket.

Verksemnda og einskildpersonar nevnt i dette vedtak skal ha god vandel i høve skatte- og avgiftsmessige tilhøve.

Salsløyvet gjeld frå vedtak og til og med 30.06.2016.

36/2016: TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN 2016-2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Trafikktryggleiksplan 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre. Planen erstatter tidlegare Trafikksikringsplan 2009-2013

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 38/2016 Tilråding:



Trafikktryggleiksplan 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre. Planen erstatter tidlegare Trafikksikringsplan 2009-2013

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Evelyn Boge, SV:

Administrasjonen utarbeider ei liste over konkrete trafikksikringstiltak kor det vert teke omsyn til dei innspel til tiltak i nærområda som er fremma av lokale lag og organisasjonar.

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteken. Framlegget frå Evelyn Boge vart så samrøystes vedteke.

KOM - sak 36/2016 Vedtak:

Trafikktryggleiksplan 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre. Planen erstatter tidlegare Trafikksikringsplan 2009-2013.

Administrasjonen utarbeider ei liste over konkrete trafikksikringstiltak kor det vert teke omsyn til dei innspel til tiltak i nærområda som er fremma av lokale lag og organisasjonar.

37/2016: UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FOR FJELLFOSSEN KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår frå utbygging av Fjellfossen kraftverk.

Grunnen er at området har stor lokal og regional verdi for natur, kultur og friluftsliv.

Konflikar i samband med utbygging av Fjellfossen kraftverk er først og fremst knytt til landskap og friluftsrretta reiseliv. Fjellfossen er eit eksponert og godt synleg landskapselement i sårbart høg fjell av stor verdi. Det omsøkte området er i dag ikkje påverka av store inngrep frå menneske. Totalt vil dette prosjektet difor medføra bortfall av inngrepsfrie INON-område på 4,1 km². Dette er det siste området i Vaksdal kommune med eit slikt større urørt naturområde.

Ein får permanent anleggsveg i fjellsida mot Leiro, delvis nedgrave røyrgate og inntaksmagasin med varige spor. Villreinen kan verta påverka av dette og fleire andre prosjekt i området.

Minstevassføringa det er søkt om, vil ikkje vera høg nok til å ivareta den heilskaplege landskapsopplevinga som fossen er ein del av.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Endringsframlegg frå Sigmund Simmenes (SP):

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk. Sjølve kraftverket må lydisoleras optimalt.



Framlegget frå Sigmund Simmenes vart sett opp mot framlegget frå rådmannen. Framlegget frå Sigmund Simmenes fekk 4 røyster (AP, SP) og vart vedteke.

FPØ - sak 44/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Line Eide Vik ba om at hennar habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 5 røyster (SV, Anneli Vatile Lilletvedt (H) og MDG)

KOM - sak 37/2016 Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

38/2016: UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD FOR LEIROFOSSEN OG STEINSEDALSELVI KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår frå å gje konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Etter kommunen si vurdering vil Leirofossen kraftverk vera i strid med den store opplevingsverdien landskapsrommet inn mot Leiro har for reiselivet, inkludert opplevinga av Fjellfossen ned mot Leirovatnet, som kommunen også har rådd frå å byggja ut. I tillegg har dette landskapsrommet potensiale for regionalt friluftsliv med oppleving av fossefall, gammalt kulturlandskap og fiske. Leirofossen er eit eksponert og godt synleg landskapselement frå fylkesvegen i Eksingedalen. Minstevassføringa det er søkt om, vil ikkje vera høg nok til å ivareta den heilskaplege landskapsopplevinga som fossen er ein del av.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.



Konflikter i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km². Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Endringsframlegg frå Sigmund Simmenes (SP):

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Røysting:

Leirofossen: Framlegget frå Sigmund Simmenes fekk 4 røyster (AP, SP) og vart vedteke.

Steinsedalselvi: Vedteke mot 1 røyst (Kjartan Haugsnes, SV)

FPØ - sak 45/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i

Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.

Konflikter i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km². Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Line Eide Vik ba om at hennar habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 5 røyster (SV, Anneli Vatile Lilletvedt (H) og MDG)



KOM - sak 38/2016 Vedtak:

Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk.

Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.

Vaksdal kommune rår til utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav:

Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i

Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig lakseelv.

Konfliktar i samband med utbygging av Steinsedalselvi kraftverk er først og fremst knytta til landskap og villrein. Ein vil få eit tap av INON-område på ca 10 km². Alle dei tre inntaka til kraftverket ligg i sårbart høgfjellsområde av høg verdi og leveområde for villrein. Røyrgate fram til inntak 3 vil ha svært negative konsekvensar for store sårbare fjellområde og for leveområde for villrein.

39/2016: UTTALE TIL SØKNAD OM KONSESJON FOR NONSTADGILET KRAFTVERK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk med følgande avbøtande tiltak:

Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebildet»

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i

Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Vedteke mot 1 røyst (Kjartan Haugsnes, SV)

FPØ - sak 46/2016 Tilråding:

Vaksdal kommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk med følgande avbøtande tiltak:



Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebildet»

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Formannskapet si tilråding vedteken mot 4 røyster (SV, MDG)

KOM - sak 39/2016 Vedtak:

Vaksdal kommune rår til utbygging av Nonstadgilet kraftverk med følgande avbøtande tiltak:

Landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må sleppast minstevassføring både frå utløpet til Store Nonstadgilvatnet og frå Litle Nonstadgilvatnet for å behalda «fossebildet»

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

40/2016: VAKSDALPAKKE 2, UTTALE TIL NVE OM SØKNAD OM KONESJON FOR 4 KRAFTVERK I VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

NVE har sendt på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast.

Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår frå utbygging av Fjellfossen kraftverk og Leirofossen kraftverk og grunna stor samla belastning og høgt konfliktnivå når det gjeld friluftliv. Prosjekta kjem i konflikt med sårbart høgfjell av stor verdi og leveområde for villrein av stor verdi, og vil redusere det største inngrepsfrie området i Vaksdal kommune monaleg. Dei omsøkte områda på Eidsland går inn



mot det verna Hesjedalsvassdraget.

2. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 02.05.2016

Behandling:

Uttalar frå Vernelag frå Hesjedalsvassdraget og Fjellfossen Grunneigarlag vart lagt fram i møtet.

Eiringsleiar Samfunnsutvikling orienterte om alle sakene før behandlinga av sak 44/2016

Eirik Haga ba om gruppemøte (før behandlinga av sak 44/2016).

Etter gruppemøtet gjorde han greie for gruppa sitt syn.

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatile Lilletvedt på vegner av H, KRF, SV:

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverktbyggingar i Vaksdal kommune.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes:

1. Som administrasjonen
2. Vaksdal kommune rår frå utbygging av Nonstadgilet kraftverk
Vaksdal kommune rår frå utbygging av Steinsedalselvi

Tilleggsframlegget frå Anneli Vatile Lilletvedt vart samrøystes vedteke.

Dei einskilde sakene vart røysta over i eigne saker, og er justert her i samsvar med dette.

FPØ - sak 47/2016 Tilråding:

NVE har send på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast.

Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.



Vaksdal kommune

2. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
3. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Line Eide Vik ba om at hennar habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes i formannskapet vart oppretthalde.

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot framleget frå Kjartan Haugsnes.

4 røysta for framlegget frå Kjartan Haugsnes (SV + MDG) som dermed fall.

KOM - sak 40/2016 Vedtak:

NVE har send på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune.

Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast.

Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
2. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
3. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.



Vaksdal kommune

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempande og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune. Nemnda blir vald i kommunestyret 27.06.2016.

41/2016: VAL AV SKJØNNSMEDLEMMER FOR PERIODEN 01.01.2017 - 31.12.2020

Valnemnda si innstilling:

Skjønnsmedlemmer:

Ragnvald Berge, Bergsdalen

Jan Steinar Solheim, Dale

Liv Anne Bergo, Eksingedalen

Asbjørn Skjerve, Stamnes

Åge Fanebust, Vaksdal

Unn Evelyn Gullbrå, Eksingedalen

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 41/2016 Vedtak/Tilråding:

Skjønnsmedlemmer:

Ragnvald Berge, Bergsdalen

Jan Steinar Solheim, Dale

Liv Anne Bergo, Eksingedalen

Asbjørn Skjerve, Stamnes

Åge Fanebust, Vaksdal

Unn Evelyn Gullbrå, Eksingedalen



42/2016: KOMMUNEREFORMA - KUNNSKAPSGRUNNLAG FOR FOLKERØYSTINGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Intensjonsavtale om etablering av ny kommune mellom Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen kommuner» vert godkjent som grunnlag for alternativ 2 i folkerøystinga om «Vaksdal saman med Bergen og ev Osterøy»

Kunnskapsgrunnlag for «Vaksdal som eigen kommune» vert tatt til orientering.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Fung. rådmann orienterte.

Protokollmerknad frå Kjartan Haugsnes, SV:

SV tek «Kunnskapsgrunnlag for folkerøysting» til orientering, men vil påpeike at skrivet har store manglar i høve å seie kva ein eventuelt mister om Vaksdal kommune vert ein del av Bergen. Skrivet frå administrasjonen går langt i å konkludera at kommunen må slå seg saman for å oppretthalde tenestene. SV er og særskilt kritisk til at skulestruktursaka ikkje er avgjort før sak om kommunestruktur kjem til handsaming.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 42/2016 Vedtak:

«Intensjonsavtale om etablering av ny kommune mellom Samnanger, Vaksdal, Osterøy og Bergen kommuner» vert godkjent som grunnlag for alternativ 2 i folkerøystinga om «Vaksdal saman med Bergen og ev Osterøy»

Kunnskapsgrunnlag for «Vaksdal som eigen kommune» vert tatt til orientering.

43/2016: INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL TIL KOMMUNESTYREMØTET 23.05.16 - BÆREKRAFTIG MAT I VAKSDAL KOMMUNE

Frå MDG Vaksdal ligg det føre slik interpellasjon:

Matproduksjon- og forbruk har konsekvenser for vårt felles livsgrunnlag, egen helse, og våre medskapningar. Kommunene må ta sitt ansvar ved å legge til rette for sunne og bærekraftige matvalg på kommunale spisesteder.



Kostholdsending mot mer plantebasert mat er et av de mest kostnadseffektive tiltakene for å redusere klimagassutslipp i Norge. Husdyrproduksjon er i dag ansvarlig for nærmere 14% av de norske klimagassutslippene - til sammenligning gir utslipp av et kilo CO₂-ekvivalenter rundt 500 gram protein fra erter og bønner, mens det bare gir 7 gram protein fra storfekjøtt. I motsetning til mange andre klimatiltak antas kostholdsending mot mer vegetabilsk mat å ha lave eller negative kostnader, og kan tvert imot føre til besparelser i form av lavere utgifter til mat og lavere helseutgifter.

Regjeringen fremmer nå forslag om ny lov om offentlige anskaffelser. Lovendringen slår fast at offentlige oppdragsgivere skal innrette sin anskaffelsespraksis slik at den bidrar til å redusere miljøpåvirkning og fremme klimavennlige løsninger der det er relevant.

Dokumentasjonen for at miljøkravene burde inneholde økt fokus på vegetarmat er derfor sterk.

På grunn av vårt energirike kosthold med mye kjøtt beslaglegger nordmenn i dag halvparten av det dyrkede arealet vi trenger til egen mat i utlandet, og bidrar til store mengder import av soya fra tidligere regnskogområder i Brasil.

Dersom alle skulle ha et kjøttforbruk på høyde med det vi har i Norge, ville det vært mat til langt færre enn verdens befolkning. Redusert kjøttforbruk vil også begrense antall dyr som må leve sine liv i stadig mer intensive driftssystemer som setter store begrensninger for dyrevelferd.

Mer vegetarisk er også et godt helsetiltak, Helsedirektoratets kostholdsråd anbefaler å begrense mengder bearbeidet kjøtt og rødt kjøtt, samt øke inntaket av vegetabilske matvarer.

Forskning viser at et høyt inntak av mettet fett fra animalske produkter er en hovedårsak til de stadig mer utbredte livsstilssykdommene som overvekt, diabetes, hjerte- og karsykdommer og kreft.

I Sverige har allerede 40% av alle kommuner innført en kjøttfri dag eller redusert kjøttforbruket tilsvarende på andre måter. I Oslo og Bergen kommune ble det allerede i 2012/13 vedtatt at vegetarisk mat skal være tilgjengelig ved siden av kjøtt/fisk hver dag i kommunens kantiner, nå har Oslo gått enda lenger ved å innføre en fast vegetardag.

Vegetarisk mat i kommunal sektor styrker ikke bare fokus på miljø og helse, men bidrar også til å øke matmangfoldet og sikre forbrukerrettighetene.

Valgfrihet burde ikke være en rettighet forbeholdt de som vil spise kjøtt, men også for de som ikke kan eller vil spise kjøtt av etiske, religiøse, helsemessige eller miljømessige årsaker.

Dette burde gjenspeiles i det som serveres av mat i kommunal regi her i Vaksdal.

MDG Vaksdal ønsker derfor økt valgfrihet, inkludert vegetariske og fortrinnsvis økologiske valg når det er mulig, der det er kommunal matservering i Vaksdal.

Forslag til vedtak:

Kommunen jobber for å øke andelen vegetarisk mat til 20% for å bidra til å nå nasjonale mål for klimagassutslipp og bedre folkehelsen.

Vegetarisk mat skal gjøres tilgjengelig ved siden av kjøtt/fisk hver dag i kommunens kantiner.

Kommunen fremmer vegetarisk mat og annen nærmat en dag hver uke,

for eksempel hver mandag, for å oppfordre og stimulere til mer miljøvennlige valg.

Politiske møter i kommunen innfører matservering i tråd med anbefalinger fra miljø- og



helsemyndighetene.

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Interpellasjonen fra MDG trekker opp mange interessante perspektiv.
Mer bruk av vegetarmat er godt for klima og godt for helsen.

Vaksdal kommune driv ingen kantinar.

De som mottar mat fra Vaksdal kommune er først og fremst eldre og sjuke menneske.

Eldre som får mat brakt heim til seg, og eldre på institusjon.

Sjølv om dei har ulike spisevanar, er dei oftast vant til tradisjonell mat.

Mat med kjøtt, fisk, grønnsaker og potetar.

Det folk flest er uroleg for er om dei får i seg nok mat og næring.

Dirfor vektlegg Vaksdal kommune god og næringsrik mat.

Kommunestyret i forrige periode prøvde ut denne maten og fann den tilfredsstillande og smakfull.
Eldrerådet har i år prøvd den, og komt til det samme.

Eg tror at me skal halda fast på målet om god og næringsrik mat.

For eldre er nok tradisjonell norsk mat det dei vil ha.

Så konklusjonen min blir at me ikkje skal leggja opp til meir vegetarmat i kosthaldet til dei vi serverer mat.

Når det gjeld servering på politiske møter vil eg be om at ombodsutvalet tek opp saka.

Det vart så opna for debatt.

KOM - sak 43/2016 Vedtak/Tilråding:

44/2016: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Kommunestyret 23.05.2016

Behandling:

Fung. rådmann la fram/presenterte økonomiplanen for 2017-2020



Vaksdal kommune

KOM - sak 44/2016 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.



SPØRSMÅL

Sigmund Simmenes

1. Modalstunet - status no og prosessen vidare, med avvikling av plassane
Fung. rådmann/ordførar svarte
I medhald av kommunelova § 31.5, jfr. offentlegelova § 23, blei møtet lukka for å svara nærare på spørsmålet
2. Omsorgsbustadane i Sveabrekko - om utleige til andre enn målgruppa
Fung. rådmann/ordførar svarte
I medhald av kommunelova § 31.2, jfr. offentlegelova § 13, blei møtet lukka for å svara nærare på spørsmålet
I medhald av forvaltningslova § 6 2. avsnitt vedtok kommunestyret samrøystes at Magne Hestad er ugild i saka
3. Restutbygging av mobilnettet i Vaksdal kommune - status
Einingsleiar Samfunnsutvikling svarte
4. PPT-bygget - spørsmål om omgjering av rivingsvedtak
Ordførar svarte

Jan Hansen

Bruk av kommunekaien på Vaksdal
Einingsleiar Samfunnsutvikling svarte

Tom Charles Johnsen

Dumping av asfaltmasser i fjorden ved Langhelle - spørsmål om politianmelding
Einingsleiar Samfunnsutvikling svarte